



— Lagsblad —

Nr. 6.

Oktober 1921.

4. aaret.

Lagsarbeid.

Det er so rart. Kor leikande fin sumaren kann vera, -- naar det lid mot hausten kjem han med lengtande liv etter aa faa koma saman i liv og lag, -- til arbeid saman med dei som ein hev kjær, og for dei sakor som me alle vil finna er dei gildaste og mest livande for oss. Og saa er det godt aa ha ein stad som Bondeungdomslaget som fangar inn heile vaar interesse paa dei mange umkverve, der laget hev sitt yrkje.

Den fyrste saka som for meg staa som den mest livande for laget no, er aa løysa spursmaalet um: ein god og billeg heim for Bondeungdomslaget sine medlemmer i Stavanger. Ei sak som tidlegare hev vore frambori av formannen vaar herr O. A. Vestbø. Kva det vil segja aa faa løysa dette, trur eg mest alle skynar, eller kanskje me alle slett ikkje skynar kor mykje det ligg i aa realisera dette. Etter mi meining vil det vera største oppgaaava som laget hev løyst, den dagen daa dei mange fine smaahyblarne staa skinande fine og byr sitt: „velkomen“ til dei mange av vaare medlemmer som sit rundt om i byen „heimlaus, frendelaus og lite kjend“. -- Til styret vaart: Lukka og signing til det arbeidet. Lat det koma fortast raad er.

Naar eg fær sjaa den truskapen og arbeidsviljen som raadar millom lagsgjentorne i saumarlaget vaart, -- der dei kvar mandagskveld kjem saman til arbeidet sitt, -- daa maa eg spyrgja: kva

gjer so gutarne i laget paa dette umkverve? Det er smaatt stell. Sjaa berre paa alle dei fine handarbeid som gjentorne ber fram til kvar marknad i laget. Og gutarne: ikkje ei flis. Eg hugsar fraa fyrste marknaden i laget. Daa var det eit lag av gutarne som bar fram ei mengd med arbeid i tresakor, fraa vent rosemaala hyrne-skaap til smaa treskeior og brettor.

Lat oss faa fart i dette arbeidet aanyo. Det vantar sikkerlegt ikkje korkje paa dugleik eller interessa hjaa gutarne. Høveleg stad maa det vel verta raad aa finna.

For eitpar aar sidan hadde me eit serlag som heitte Ordskiftelaget, der ein kom saman ein kveld eller tvo i maanaden. Dei fleste som var med her, vart nøydd aa halda eit kort innleidings-foredrag til fastsett tid paa haust- eller vaarparten. Og alle var med i paafylgjande ordskifte etter kvart foredrag. Dette sérlaget hadde si serlege missions-uppgaaava aa utdana „debattanter“, noko som me saknar saart i Bondeungdomslaget, (helst paa spinnesida daa) naar ein hev eit eller anna ordskifte fyre seg. Det er berre nokre faa stykker som ein kann rekna paa fingrane. Og det verste av alt er, at ein veit mest kva dei vil segja paa fyrehand! Men æra vera dei. Det vilde ellers sjaa ut um dei ogso var tagalle. Det gjeld um aa faa flest mogelegt med i eit ordskifte, og ikkje nett dei same uppatt tvo-tri gonger i eitt møte. Eit godt styrd ord-

skiftelag kann bøta paa mykje her. Lat oss difor ta det arbeide uppatt til bate for laget og for den einskilde.

No er det soleis at feilen tidlegare hev vore, at det er dei same medlemmer av laget som „gaar igjen“ i alle sérlag, og at dei same sistpaa gaar seg trøytt. Det tarv det ikkje vera. I eit lag der det er millom 4 og 500 medlemmer burde det inkje vera so. Laget med sine mange serlag, femner so vida at ein skal inkje venta at nokon greider alt. Men flest alle vil finna at ein stad høver dei heime i minnste. Det gjeld berre aa ta fatt. Men det maa ytast, og inkje berre njotast. Paa det umkverve er det smaatt stell. Kanhenda det er tida som hev drege det med seg. Men du kor „mottagele“ me er vortne! Me likar oss best naar me fær det i „skeievis“ og helst slepp aa tyggja. „Lat dei andre um det“, høyrer ein so oftast. Dei vil berre sjaa og høyra. Men yta noko, — gjera noko, nei — ein gjeisp! Lat det no verta slutt paa dette og lat oss alle ta oss paa tak og lyfta laget eit munalegt steg framyver paa alle umkverve til bate for laget og

for oss alle. Livet er i grunnen so kort, avdi ungdomstida er dei store draumane si tid. — Draumen er alltid kort.

sø.

Einsleg.

Og kvelden søkk, og det vert stillt
um aude land, um lyng og myr.
Ei einsleg stjerna blenkjer mildt,
kvart ljod døyr av i natti kyrr.
So fatig sjeli breider ut
med lengting saar sin draumeveng —
langt ut um høge, fjellgraa nut
so langt, so langt den lengsla gjeng.

Kva er det meir? Det vesle ljøs
brenn ned i staken, osar døyr.
og bylgja som paa vatnet for
søkk saman millom stein og røyr.
All mannsens lengsla langt mot hav
mot ljøs og fridom, heppa heir,
alt myrknar ned i mold og grav —
kva er det meir? Kva er det meir?

I stølshytta aug. 1921.

SVEIN BOGE.

Riksmaalsknot — landsmaalsknot.

Det er 'kje godt aa segja kva ein skal velja av desse tvo ordi, som staar yver, naar ein høyrer paa det maalet mange her i laget vaart fører. Stundom kann det verta rekna til riksmålet og stundom til landsmålet. Men knot er det kor som er.

At dei knotar riksmaal, det kann vera det sama for oss, men det høyrer oss til aa passa paa at ikkje landsmålet vert skjemt ut med sovore.

Det er mange som trur at te styggare dei snakkar te betre landsmaal er det, men det er eit stort mistak. Reint landsmaal er ovande vakkert; men kjem det knot i det, vert det beint fram stygt.

Det kann vera verdt aa nemna nokre

av dei ordi som mange trur er godt landsmaal, men som er det argeste knot. Det er serleg desse: „laage“ og „saade“ og „aade“.

Det er tri „stygge“ ord som har skjemt landsmålet mykje ut. Vidare segjer dei „syngte“ og „syngt“. Ikkje nokon av desse ordi er landsmaal. Paa landsmaal heiter det „lege“ (seg leie) og „sete“ og „ete“ og „song“ og „sunge“.

Til aa rekna upp og greida ut um alt det gale dei kallar landsmaal, men som ikkje er det, vilde ta for stor plass. Men alle lagsfolk kann greida ut um det sjøve, berre dei les „Norsk Grammatikk“ av Didrik Arup Seip. Han kostar berre 45 øyre og er svært lettlesen.

J.

Folkevisorne og folkevise- dansen.

Folkevisorne og folkevisedansen høyrer saman, det burde ein kvar vita som er med aa leika. Her i laget ser det mest slik ut, at dei fleste ikkje veit det. Kjem ein i laget ein leikekveld, skulde ein ikkje tru at ein hadde ein frisk livsglad ungdomsflok fyre seg, men ein flokk stumme med ei og onnor livsglad sjæl innimillom som lyser upp. Nei ungdom, slaa det eingong for alle fast at skal folkevise-
dansen koma fram her i Norig, so maa songen upp. I ein ring paa 40—50 par nyttar det lite for ein flokk paa ein tjuge stykkje aa syngja naar resten tegjer bom stille eller gjeng og pratar seg imillom og gjer det soleis dubbelt tungt for dei som syng. Songen maa vera med i dansen for det er innhaldet av visa som skal gjeva dansen den rytme og det humør han skal ha. Det er difor naudsynlegt for ein kvar dansar aa syngja for aa kunna dansa. Mange segjer som so: „Eg kann ikkje syngja“. Det same hev eg og sagt so mang ein gong, men ein kvar kann bruka den stemme dei hev fenge og ikkje grava sitt pund ned i jordi um det ikkje er so stort som ynskjelegt kunde vera. Difor eit upprop til alle lagsfolk som vil vera med paa leikeskeidet som no skal haldast: Lær godt visorne og halve arbeidet vil vera gjort fyreaat!

Leikar.

Leikeskeidet.

Som ein vil sjaa ein annan stad i bladet er det vedteke aa setja igong eit leikeskeid *fraa og med 13. til og med 26. novbr.* Leikarringen skal styra med skeidet skiftevis, og me er viss um at dei vil gjera det likso godt ifraa seg som nokon frammand. Me vil hermed oppmoda alle som er glad i folkevisedans um aa vera med paa skeidet. Serleg er denne oppmodingi retta til dei yngste medlemmerne i laget. Skeidet vert halde i festsalen kvar kveld med undantak av torsdagskveldarne.

Desse dansarne i Hulda Garborgs „Norske dansevisur“ vil verta innøvd:
Nr. 2 vers 1, 2, 3, 4, 5, 6, 8, 10, 12, 13, 14, 15, 16
„ 9 vers 1, 11, 12, 13, 21, 23, 25, 26, 28, 30, 31, 32
„ 10 vers 3, 4, 21, 22, 23.
„ 11 vers 1, 3, 4, 5, 6, 7, 17, 20, 21, 23, 30.
„ 20 heile visa
„ 21 — „ —
„ 28 — „ —
„ 29 — „ —
„ 32 — „ —
„ 33 — „ —
„ 37 — „ —
„ 39 — „ —

Legg merkje til dette og lær visurne godt i fyrevegen!

Kyrkjenemdi for Stavanger

hadde skipingsmøte onsdag 19. oktober. Nemdi er samansett soleis: Fraa Bonde-
ungdomslaget skulestyrar *Tveteraas* og *O. A. Vestbø*, fraa Stavanger maallag presten *Ebbemo*, lærar *Peter Molaug* og forretningsførar *Magnus Vaage*, fra losje Rogaland *Gunnar Løvik* og *K. Trodal*. Alle møtte med undantak av Trodal som var hindra.

Til formann vart vald lærar Molaug og til skrivar Vestbø. Nemdi dryfta ymse arbeidsmaatar og vart samde um aa faa tilskipa heilnorske gudstenestor minst ein gong um fjordungaaret. Det vart vedteke aa beda biskop Støylen halda heilnorsk gudstenest i Stavanger fredag 11. novbr. um kvelden. Seinare paa vinteren vil nemdi prøva faa til ein minnefest for salmediktaren Blix.

Som ein skynar er kyrkjenemdi komen i arbeid, og me torer vona at nemdi vil verta til stor gleda for dei kristeleg- og norskdomsinteresserte folk her i byen.

Losje Rogaland

held aarsfest onsdag 2. november. Lærar *Johs. Tveit* kjem truleg til aa halda fest-
talen. Desutan vert det upplesing, musik og leik.

Til lagsfolk!

Eg vil slett ikkje skreppa av, at eg er nokon lettliva ungdom. Men eg hev mine gilde stunder, naar eg les bøker og blad. Ingen fekk byta livsens tilgang med meg, ifall det elles let seg gjera. — Me hev ein skyldnad mot oss sjølv til aa nytta god lesnad. Og tidi krev, at me fylgjer med og freistar skyna dei spursmaal, som er uppe i tidi. Det gjeld politisk so vel som reint boklegt. Eg vil seia nokre ord um „Den 17de Mai“. I norskmaalspressa er det hovudorganet, som kvar norskhuga mann og kvinna skulde halda, og lesa med ettertanke. Ein bør lesa „17de“, endaa ein ikkje plent hev svore venstrepartiet truskap. Alle maa ha eit godt hovudstadsdagblad. „Den 17de Mai“ er det rette. Det er det eldste og mest lesne heilnorske dagblad. Bladet fører ein fast venstrepolitik, arbeider for maalsak og norskdomsreiseing og stydjer samfundsbaten paa demokratisk grunn. Det hev dagleg siste nytt fraa Oslo og mykje telegramm-nytt fraa inn- og utland, reisebrev og grennsame utgreidingar um utanlandske tilhøve. „Den 17de“ hev og gode framhaldsforteljingar. Bladstyrar Anders Hamre er ein røynd bladmann, og skriv hoggande friske innlegg i dagsens politiske strid. Her finst mange av Noregs beste pennar. Maalet i bladet er lett-skynelegt. „Den 17de Mai“ kostar 5 kr. fjordungaaret. De bør tinga det sjølv, og beda kjenningar prøva det no i valaaret.

Samstundes vil eg nemna, at ungdomar og andre, som ynskjer eit godt literært bilætblad, skulde tinga „For Bygd og By“. Det er det einaste bilætblad paa norskt maal. Bladstyre er *Arne Falk* og *Anton Beinset* — husmor i „Heimen“ er *Karoline Grude*. Alle desse er landskjende folk. Og „For Bygd og By“ er no so godt, at det burde faa koma inn i alle norske heimar. Det er eit sers gildt „huslydblad“. Og det er syrgjelegt, at mange hev so lite vit, at dei øyder pengar paa danske og halv-danske „familie-journaler“ i desse tider. *Me skulde halda oss til det norske*, naar det stend fullt paa høgde med det beste fraa *Kø-*

benhavn. Det er rivgale, at me so lite skynar paa det som er verkeleg godt. Kvar norsk kvinna og kvar nordmann maa læra meir vyrdnad for det som er norskt.

Olaf Norli, som kostar ut „For Bygd og By“, hev eit rettvist krav paa, at alle som kann stydjer honom og tingar bladet, so han kann sleppa aa tapa paa utgjevingi. De som *hiver* 100 eller 150 kr. um aaret paa turr kinofilm, legg heller av nokre krunor til bladhald. Kinofilmen gjer Dykk jamnast *fatigare* enn fatig, so De hev inkje aa trega paa, um De forsømer nokre framsyningar. Difor, godtfolk, gakk paa posthuset imorgon den dag med 2 kr. og prøv dette bilætbladet eit fjordungaar. Det kjem De aldri til aa trega paa.

Severin Vik.

Maalkontor for Rogaland.

Denne sak som det hev vore arbeid med i aarevis, er no komen paa god veg. I fyrstningi av maanaden vart halde eit møte, der det møtte utsendingar fraa *Bondeungdomslaget*, Stavanger, *Rogalands ungdomslag*, *Rogalands maallag* og *Haugesunds maallag*. Møtet gjorde vedtak um aa setja kontoret igong fraa nyaaret 1922. Kontoret vert paa Bondeheimen, og til styrar er sett forretningsførar *Magnus Vaage*. Kvar av ovan nemnde lag hev ytt 600 kr. til drift av kontoret.

— Me gleder oss yver dette tiltak og trur maalkontoret vil verka til aa gjeva norskmaalsarbeidet ein god støyt fram yver i Rogaland.

Paa lagsmøtet

torsdag ^{20/10} laag fyre eit styreframlegg um at alle festar i laget skal slutta seinast kl. 3. Det var framsett mykje av umsyn til tenarskapet paa Matstova, som etter ein streval laurdag lyt faa noko ro, og desutan fann styret, at festar som held paa utyver morgonarne skader laget baade uttil og inntil.

Lars *Bø* gjorde motframlegg og ved avrøystingi fall styreframlegget med nokre røysters fleirtal.

Uvanar.

Folk flest er i meir eller mindre grad henhaldne til uvanar, og me lagsfolk er visst ikkje betre enn andre i somaate.

Laget hev ei uppsedande oppgaaava, og det er alle si plikt aa segja fraa, naar ein merkjer noko som kann verka nedbrytande.

Eg vil med dette tillata meg aa peika paa noko som eg trur kann skada den gode aandi som hev raade millom lagsfolk. Me som søkte Vonheim isumar vil hugsa at gjestorne kom i konflikt med dei gjeldande reglar for sumarsplassen. No er det vandt aa laga reglar som høver alle, og det er ganske rimelegt, at sume ynskjer dei onnorleis. Likevel er det sjølv sagt gale aa stikka lovarne „under bordet“ og føra seg slik som ein sjølv finn for godt. Det ber den galne vegen og skadar samarbeidet paa ein maate som kann faa aalvorlege fylgjor. Slikt bør ikkje faa røta seg i laget. Hev me noko aa klaga yver eller hev me noko som me meinar bør brigdast, so er det høve til aa koma fram med dette i laget. Alle maa vita, at det fører ikkje den rette vegen, naar me gjeng paa akord med dei lovar eller reglar me sjølv hev gjeve oss.

Paa festarne vaare hev ofte sume av festlyden freista aa skipla programmet. Dei er ikkje nøgde med det festnemdi byd fram, men søkjer aa laga festarne etter sitt eige ynskje. Paa denne maaten vert det tvo krefter som arbeidar imot kvarandre, og dette er sjølv sagt forkastelig paa ein fest der det bør vera glede og harmoni. Det aa vera med i ei festnemd kann ofte vera brysamnt nokk, og me gjer vel i aa spara nemdi for unødige paatrykk som berre kann skada festgleda. Lat oss hugsa paa at det ligg i festnemdi si hand aa styra med festen. Hev me noko aa klaga paa so er sakleg kritikk paa sin plass. Men kritikken bør koma fram munntleg i laget eller skriftleg i lagsbladet eller Bondeguten.

f.

Møtelista for november.

Fraa styremøte den 18/10.

- Torsdag 3/11. *Foredrag* av lærer Arne Espeland.
 — 10/11. *Halldor Meland, felespel. Upplesing.*
 — 17/11. *Foredrag*
 — 24/11. *Foredrag* av provst Gjerløw.

Marknadstilstellingarne

sundag den 22. og tysdag den 24. okt. vart vellukka. Spellaget synte fram spelstykket „*Fire um bodet*“ og leikarringen synte fram ymse folkeviseleikar og turdansar. Der var fullsett hus baae kveldar og mykje fagning.

Det er tidligere vedteke, at noko av inkomurne skal gjevast til innsamlingsnemndi for Snorre-monumentet.

Leikeskeid. Det vart vedteke aa setja igong eit leikeskeid fraa og med 13. til og med 26. november. Dei som vil vera med lyt betala 2 krunor, men Hulda Garborgs: „Norske dansevisur“ vert daa gjeve fritt til alle, so skeidet vert so aa segja fritt. Leikarringen hev teke paa seg aa styra med skeidet.

9 sækjarar vart godkjende til opptaking i laget.

»Fire um bodet«.

Dette morosame spelstykket som gjorde slik lukke paa marknadstilstellingarne vert spela uppatt sundag 6. novbr. kl. 8.

J. L. TIEDEMANN'S TOBAKSFABRIKS
KOMMISSJONSLAGER I STAVANGER

*Stadig paa lager
de mest anerkjendte merker
i Cigaretter og Tobak*

J. Bjørgo
Benyt telefon 1093 Kirkegaten 2

Lagsfolk!

*Forsøk min
nymoderne
Barbersalon*

JENS JENSEN KIRKEGATEN 33
(v. Handelsbank.)

|||||
A. J. Sømme

— SKRÆDDER —

Nedre Strandgt. 8 II

Telefon nr. 2264.

|||||

Sigurd Sømme

SNEDKERFORRETNING

: BADEHUSGATEN 2 — STRØMSTENEN ::

Telefon 3086

||||| Spesialitet: |||||

Dører, Vinduer & Trapper

1ste Kl.s Arbeid

N. AARRESTAD

BERGELANDSGT. 20

TELEFON 772

—————
**Colonial- og
Fedevarerforretning**

Sort hyldebærsaft

utmerket middel
- mot gift -

faaes hos

BERNT PEDERSEN & Co.

Nygaten 16 :: Stavanger

**NORSK ELEKTRISK
& BROWN BOVERI**

KIRKEGATEN 39
STAVANGER

**ELEKTRISK MATERIEL
ELEKTRISK UTSTYR**

*Ingen presenter
pryder og pynter
som blomster fra
Blomsterballen*

Alf Solheim

Østervaag 24

PAPIRFORRETNING
RAMMEVERKSTED

PETROLEUMSLAMPER
STENTØI & GLAS
I STORT UDVALG

HANDLENDE HØI RABAT.

S. GITLESEN

:: :: :: ØSTERVAAG 41 :: :: ::

SYMASKINER
STRIKKEMASKINER
BARNEVOGNER og
SYKLER

BEDST OG BILLIGST I

MASKINHUSET

(INDEH. THORVALD VEIRE)
BREDGATEN 9

GODTFOLK!

Naar De skal hava brudlaup, barsøl eller anna gjestelag,
so hugs at De fær dei beste drikkevaror hjaa meg

Løna med fleire medaljor

Telefon
727 k

GUNNAR LØVIK

KONGSGATA 36

Telefon
727 k



Livstrygdelaget „ANDVAKE“

er tufta paa heilnorsk
grunn, og er difor rette
staden for lagsfolk naar
det gjeld livstrygding

Agent Lars Bjørheim
Lyder Sagensgt. 1

Skal De hava Dykk kaffi og mat

so gaa innum paa

Matstova eller **Kaffistova**

Øvre Holmegata

Østervaag 25

Skrivesaker ▷ Avisor ▷ Telefon

R. G. Klovning

Breidgata 20 ∴ ∴ ∴ ∴

KOLONIAL

Hampegarn - Bomullsgarn

SNØROR - TOGVERK

OLJEKLÆR.

Gjev gaum!

Største og finaste utval i
raamelistur, ovale
gullspeglar og raamur
Innraaming av bilæte

M. Andreassens

raameverksfad : Ø. Holmegt. 25
Telefon 1469

BRØDRENE MAG

Nygaten 48

∴∴∴

Telefon . 937
Butikken . 3083

**Malervare- og
jernvareforretning**

Telefon 102

A. IDSØE

KJØD- OG PØLSE-
FORRETNING ∴ ∴

GODE OG BILLIGE VARER!

Bygm. Emanuel T. Aspelund

Telefon 3161

TJENSVOLD

Alt Tømmer- og Indrednings-
arbeide utføres.

Tegninger og Overslag leveres.

TIME

**Jonas Jørstads
BOKHANDEL**

Stort lager av nyare og eldre litteratur.
Tingingar til boksamlingar og leselag
vert sytt for fort og greitt ∴ ∴ ∴ ∴ ∴ ∴ ∴ ∴

Fotografiske artiklar

Musikv _rer